

Ordføraren sitt hjørne – februar 2018



Tysdag 6. mars blir det ein lang kommunestyredag. Me skal prøve noko nytt, etter ynskje frå mange kommunestyrerepresentantar. I tillegg til vanleg kommunestyremøte med saksliste skal me også ha ein temadag. Det er eit kommunestyremøte - kor det ikkje vert gjort noko vedtak. Tema denne gongen er «Vegen vidare for Hemsedal». Kommunen reviderer no arealdelen i Kommuneplanen. Hemsedal Turisttrafikklag er i startgropa med eit arbeid dei har kalla «Hemsedal 365», dvs korleis styrke heilårsturismen. Dette er 2 prosessar som bør gå mest mogleg hand i hand.

Temamøtet finn stad i Kultursalen, og kommunestyremøtet blir i kommunestyresalen. Temamøtet startar kl. 12.00 med ein gjennomgang av status for reguleringsplanarbeidet i Røggelia. Grunneigarane har hyra inn det kanadiske firmaet Ecosign for å stå for dette arbeidet. Det er same firma som laga masterplanen for Holdebakken/Totteskogen sist på 1990 talet. Dei kjenner derfor Hemsedal godt. I gjeldande Kommuneplan (vedtatt 2011) er delar av Røggelia regulert til alpin- og utbyggingsføremål. Kommuneplannemnda er open for justering av arealet, noko me tek endeleg stilling til når framlegget frå Ecosign er klart. Me er overtydde om at ei utvikling i Røggelia vil vera eit lyft for Hemsedal. Denne bolken vil ta ca 1,5 time.

Etter kommunestyremøtet held temamøtet fram kl. 17.00. Der blir det ei orientering om kommuneplanarbeidet, det blir ein gjennomgang av målsettingar i Strategisk Næringsplan og HTTL vil prøve å sjå inn i glaskula. Så er eg sikker på at kommunestyremedlemmene har mange synspunkt og innspel.

Kommuneplannemnda har hatt mange møter og fleire befaringar. Det er kome inn mange innspel, og dei fleste av dei har me sett på ute i terrenget og gjort våre vurderingar av. Kommuneplannemnda har valt å ikkje sjå på dei sentrale områda kring skisenteret og sentrumsområda denne gongen. Der er det gjeldande reguleringsplaner, og dei lever sitt eige liv. I staden har me tatt for oss bygda elles. Dei fleste innspela går på areal for hyttetomter. Nemnda ynskjer å finne egna areal for hytter, og helst nokre større og attraktive områder. Det er over 400 tomter som ligg inne i noverande planer. Mange av dei har ligge godkjent lenge, og dei fleste vil me føreslå også er med i den nye planen. Av nye større områder er Gravset – Vanneviken, ei større utviding ved Golf Hemsedal og eit par områder nord i bygda. Kommuneplannemnda er positive til ein god del fortettingar i noverande hytteområder. Hytteeigaren er ein ressurs for bygda.

Me har hatt eit ynskje om at det skal bli lettare å bygge/frådele ei tomt eller 2 frå aktive gardsbruk, utan at det er med i større felt. Der ser det ut til at ei endring av lovverket med verknad frå 1. juli 2017 har ført til ei innskjerping. Det er kome eit forsterka krav om KU (Konsekvensutgreiing) ved alle tiltak som ikkje er inne i kommuneplanen. Dette vil også gjelde dispensasjonssaker. Korleis me løyser dette har me ikkje konkludert med enno.

Framdriftsplanen for kommuneplanarbeidet er tenkt slik: Utlegging av planframlegget i april/mai. Høyring til over sommaren, og så vedtak til hausten. Om det går etter planen, avheng svært mykje av kva som kjem inn av høyringar, og om det kjem motsegnsvarelse frå statlege myndigheiter. Eg trur det er lurt å lytte til signala som kjem fram på temamøtet, og det som måtte bli ein eventuell felles prosess mellom HTTL og kommunen utover våren. Eit grundig arbeid før planen blir lagt ut vil kanskje gjera prosessen etterpå kjappare. Det viktigaste er at Kommuneplanen er eit rett verkøy for utviklinga av Hemsedal framover. Eg håpar og trur det blir ein nyttig temadag, og me har lagt møtet i Kultursalen fordi me håpar på mange tilhøyrarar. På det ordinære kommunestyremøtet vil Anders Buchardt presentere planane sine for hotellet i Totteskogen.

Helsing
Oddvar Grøthe
ordfører